



KYSTVERKET

Vest

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Dykker ref.:
2014/11042

Vår ref.:
2011/3292-25

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:
Lene Røkke Mathisen

Dato:
31.03.2017

Fråsegn til avgrensa høyring av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Syner til brev, datert 16.2.2017, vedkomne ovannemnte.

Me syner til tidlegare uttale, datert 1.10.2015, der me oppmoda om å justere enkelte områder satt av til akvakultur, dette gjaldt særleg tre areal vest av Varaldsøy i Øynefjorden og tre areal i Ålfjorden. Det er også fleire andre områder satt av til akvakultur som ligg tett opp til både hovud- og bilei.

Ved Varaldsøy var tre områder satt av til «Akvakultur, eksisterande anlegg». Som me påpeika dekka desse områda større deler av bilei 2192 – Øynefjorden og ved eventuelle søknader til utviding av eksisterande anlegg, ville desse kunne kome i konflikt med farleia. Me kan ikkje sjå at våre merknader er følgt opp i det planforslaget som no føreligg. Også i Ålfjorden er det tre områder satt av til «Akvakultur, eksisterande anlegg» som kjem tett opp til farleia og som me oppmoda om å justere i førre runde. Ved Vikebygd er det merka av riggområde. Om akvakulturanlegg kjem for langt ut i fjorden vil desse kunne kome i konflikt med slep av riggar eller andre offshoreinstallasjonar inn til Vikebygd.

Me meiner det er særslig uheldig å utvide eksisterande areal til akvakultur så tett opp mot farleiene at det vil kunne kome i konflikt med maritim næring og skipsfart. Vidare meiner me at kystsoneplanen, med tanke på areal satt av til «Akvakultur, eksisterande anlegg», vil legge til grunn delvis urealistiske premisser for oppdrettsnæringa og for kommunane som skal planlegge i sjøområda. Kystverket vil ikkje kunne akseptere akvakulturområder som har eit overflateareal som dekker så mykje av farleiområdet i plansamanheng.

Me ber difor om at ein revurderer omfanget av desse areala. Ta gjerne kontakt for vidare innspel og konkrete forslag.

Med helsing

Lene Røkke Mathisen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Region Kystverket Vest

Sentral postadresse: Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

For besøksadresse se www.kystverket.no

Telefon: +47 07847

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Vedlegg:

